



# Innst. S. nr. 58

(2006-2007)

## Innstilling til Stortinget fra transport- og kommunikasjonskomiteen

St.prp. nr. 8 (2006-2007)

### Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om fylkesveg 472 til Utgårdskilen i Hvaler kommune i Østfold - finansiering av tiltak gjennom forlenga bompengerevning på rv 108

Til Stortinget

#### SAMMENDRAG

Samferdselsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om utbygging og finansiering av tiltak på fv 472 til Utgårdskilen i Hvaler kommune i Østfold.

Tiltaka, kostnadsrekna til 26 mill. kroner, er føresett delfinansierte med bompengar gjennom utviding av den eksisterande bompengerevninga for fastlandssambandet til Kirkøy på rv 108.

Stortinget gav i 1988 samtykke til delvis bompengefinansiert utbygging av fastlandssamband til Kirkøy i Hvaler kommune, jf. St.prp. nr. 51 (1987-1988) og Innst. S. nr. 79 (1987-1988). Bompengerevninga starta i oktober 1989.

Bompengeselskapet si gjeld til fastlandssambandet er venta nedbetalt ved årsskiftet 2006/2007.

Hvaler kommune og Østfold fylkeskommune har slutta seg til å forlenga bompengerevninga på rv 108 på Bukkholmen med inntil 2 1/2 år for å delfinansiere tiltak på fv 472 til Utgårdskilen.

Den lokale behandlinga er nærare omtala i kapittel 3 i proposisjonen.

#### Omtale av utbygginga

Fv 472 går frå krysset med rv 108 (Bratte Bakke) til Utgårdskilen og har ei samla lengd på 5,9 km. Vegen inngår i hovudvegnettet i Hvaler kommune, men den er smal, har ein del randbusetnad og manglar gang- og sykkelveg, trass i at strekinga er skuleveg. Det er rekna med at planlagt aktivitet i fiskerihamna på Utgårdskilen vil føre til større trafikkvekst på fv 472

enn det som er lagt til grunn i generelle fylkesprognosar for Østfold. Vidare reknar ein med at tungtrafikken kjem til å utgjere ein større del av trafikken enn i dag.

Tiltaka det er snakk om, omfattar utbetring av kryssområdet mellom rv 108 og fv 472, bygging av gang- og sykkelveg samband på ein 3,1 km lang strekning mellom Neset og Utgårdskilen, samt enkelte mindre utbetringar.

Det ligg føre godkjent reguleringsplan for planlagt utbetring av kryssområdet mellom rv 108 og fv 472. Godkjent reguleringsplan for gang- og sykkelvegprosjektet er venta å ligge føre i løpet av 2006.

#### Forslag til bompengerevning og finansieringsplan

Det er lagt til grunn at utbetringa skal gjennomførast mest mogeleg samtidig med bompengerevninga, slik at eventuelle låneopptak blir små.

Ved forlenging av innkrevninga er det lagt til grunn ein reduksjon av takstane til 20 kroner for lette køyretøy og 40 kroner for tunge køyretøy. Det er føresett at ordninga med einvegs bompengerevning blir vidareført.

Ved forlenging av innkrevninga er det lagt til grunn rabattar i tråd med dei gjeldande takstretninglinjene.

Det er rekna med at ÅDT gjennom bomstasjonen blir om lag 4 500 køyretøy i 2007. Vidare er det lagt til grunn at tungtrafikken vil utgjere om lag 8 pst.

Nummerskiltanalysen frå 2005 viser at berre om lag 25 pst. av trafikken som passerer bomstasjonen på rv 108 på Bukkholmen, køyrer på delar av fv 472 til Utgårdskilen. Samstundes har trafikken på fv 472 vore med på å finansiere fastlandssambandet til Kirkøy på rv 108 utan å ha hatt direkte nytte av tunnelen. Utbetring av fv 472 til Utgårdskilen er viktig for Hvaler kommune.

Ein reknar med at forlenginga av innkrevningsperioden med to år gir eit bompengebidrag på til saman 15,5 mill. kroner til investeringar på fv 472 til Utgårdskilen, jf. kapittel 4 i proposisjonen om basisføresetnader som elles er lagt til grunn for utrekningane

I dei lokale vedtaka er det lagt til grunn at bompengerperioden kan forlengast med inntil 2 1/2 år, men det er føresetta at innkrevjinga blir avslutta før oppstart på foreslått bompengeneinnkrevjing for prosjektet rv 108 Ny Kråkerøyforbindelse i Fredrikstad. Dersom tiltaka ikkje kan gjennomførast innanfor innkrevjingsperioden på maksimalt 2 1/2 år, må tiltakspakken reduserast.

Østfold fylkeskommune har forplikta seg til å bidra med 8 mill. kroner til utbygginga, fordelt på 2007 og 2008. Hvaler kommune har forplikta seg til å bidra med 2,5 mill. kroner i 2007. Dette gir ei samla finansieringsramme på 26 mill. kroner, fordelt med 15,5 mill. kroner i bompengar og 10,5 mill. kroner i lokale bidrag. Det er ikkje føresetta statlege midlar til utbygginga.

Hvaler kommune og Østfold fylkeskommune har fatta vedtak om å stille garanti for eventuelle låneopp- tak i samband med utbygginga.

Det er no lokalpolitisk tilslutning til forlenga innkrevjing i bomstasjonen på rv 108 på Bukkholmen for å delfinansiere tiltaka på fv 472. Vegdirektoratet tilrår derfor at det skisserte opplegget blir godkjent.

Samferdselsdepartementet er samd med Vegdirektoratet i at utbetring av fv 472 til Utgårdskilen blir vurdert som del av ei trinnvis utbygging av eit samanhen- gande infrastrukturnett i Hvaler kommune. Utbygginga starta med delvis bompengefinansiert byg- ging av fastlandssambandet til dei vestre Hvalerøyane tidleg på 1970-talet. På slutten av 1980-talet vart utbygginga vidareført gjennom delvis bompengefinansiert utbygging av fastlandssambandet til Kirkøy.

Departementet legg stor vekt på at det er lokalpoli- tisk tilslutning til forlenga innkrevjing i bomstasjonen på rv 108 på Bukkholmen for å delfinansiere tiltaka på fv 472.

Ved ein eventuell kostnadsauke må utbygginga til- passast tilgjengelege midlar. Det er derfor ein føreset- nad at utbetringa blir gjennomført mest mogleg sam- tidig med bompengeneinnkrevjinga.

Noreg har gjennom EØS-avtalen plikt til å følge føresegnene i mellom anna det såkalla Eurovignett- direktivet (1999/62/EC). Samferdselsdepartementet mei- ner at direktivet, som gjeld for avgifter på tunge køyre- tøy over 12 tonn på hovudvegnettet, ikkje er til hinder for forslaget i proposisjonen.

### **Avtale**

Etter at Stortinget har gjort vedtak om innkrevjing av bompengar til prosjektet vil det bli inngått ein tilleggs- avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

### **KOMITEENS MERKNADER**

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eirin Faldet, Svein Gjelseth, Irene Johansen, Synnøve Brenden Klemetrud, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, fra Høyre, Øyvind Halleraker og Beate Heieren Hundhammer, fra Sosi- alistisk Venstreparti, Hallgeir H. Lange-

land, fra Kristelig Folkeparti, Jan Sahl, fra Senterpartiet, Jenny Klinge, og fra Venstre, Borghild Tenden, vil peke på at fv 472 til Utgårdskilen i Hvaler kommune er en veg med mye randbebyggelse. Komiteen har vidare merket seg at det er ventet en økning i andel tungtrafikk når aktiviteten i fiskerihavnen på Utgårdskilen øker.

Flertallet vil således vise til at de foreslåtte tilta- kene på fylkesvegen vil bedre både trafikksikkerhets- og framkommelighetsforholdene.

Flertallet vil for øvrig vise til orienteringer om trafikksituasjonen på fv 472 og planlagt næringsutvik- ling på Utgårdskilen i forbindelse med sin befarung i Hvaler kommune 8. mai 2006.

Flertallet har merket seg at tiltakene er foreslått finansiert ved tilskott fra Østfold fylkeskommune, Hvaler kommune og gjennom utviding av den eksiste- rende bompengoordninga for fastlandssambandet til Kirkøy i Hvaler kommune på rv 108. Komiteen viser til den lokalpolitiske tilslutning til finansierings- opplegget, og slutter seg til forslagene i proposisjonen.

Komiteens medlemmer fra Fremskritt- partiet, Bård Hoksrud, lederen Per Sand- berg og Arne Sortevik, viser til Regjeringens forslag til finansiering av fv 472 til Utgårdskilen i Hva- ler kommune. Tiltakene skal finansieres ved at bru- kerne av rv 108 skal finansiere utbedringen av fv 472. Disse medlemmer vil peke på at i det fremlagte forslaget så er det kun 25 pst. av dem som benytter rv 108 som også benytter fv 472. Dette innebærer at 75 pst. av dem som benytter rv 108 skal betale for en veg disse ikke benytter.

Disse medlemmer mener dette er å strekke strikken alt for langt i forhold til å "melke" bilistene til å betale for vegstrekninger som man ikke benytter. Disse medlemmer viser vidare til at ESA mener at det er lovstridig å kreve inn bompenger på vegstrekning- er som ikke gir direkte nytte for bompengebetalerne. Disse medlemmer viser til at ESA ikke har avslut- tet sin saksbehandling, og er derfor overrasket over at Regjeringen på tross av at man venter på at saken skal komme opp til endelig behandling, allikevel nå velger å sette i gang nye tiltak som er i strid med ESAs tolk- ning av regelverket. Disse medlemmer vil også peke på at de årlige kostnadene til innkreving er på hele 4,1 mill. kroner. Dette er jo svært høyt når man vet at det man vil få krevd inn, og som kan benyttes til veg- tiltak, er på 15,5 mill. kroner totalt for de ca. 2,5 årene som bompengeneinnkrevingen skal fortsette. Dette inne- bærer at kostnadene til innkreving av bompenger vil bli tilnærmet like store som de midlene som blir stilt til rådighet til utbedringstiltakene.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende for- slag

"Prosjekt fylkesveg 472 Utgårdskilen i Hvaler kom- mune i Østfold gjennomføres med en statlig finan- sieringsandel på 15,5 mill. kroner. Stortinget ber Regje- ringen sørge for at utbyggingen skjer raskest mulig."

## **FORSLAG FRA MINDRETALL**

### **Forslag fra Fremskrittspartiet:**

Prosjekt fylkesveg 472 Utgårdskilen i Hvaler kommune i Østfold gjennomføres med en statlig finansieringsandel på 15,5 mill. kroner. Stortinget ber Regjeringen sørge for at utbyggingen skjer raskest mulig.

### **KOMITEENS TILRÅDING**

Komiteens tilråding fremmes av Arbeiderpartiet, Høyre, Sosialistisk Venstreparti, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre.

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og råar Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

#### **I**

Stortinget samtykker i at bompengeselskapet får løyve til å kreve inn bompengar i bomstasjonen på rv 108 Bukkholmen til delfinansiering av tiltak på fv 472 til Utgårdskilen i samsvar med vilkåra i St.prp. nr. 8 (2006-2007) og Innst. S nr. 58 (2006-2007).

#### **II**

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 30. november 2006

**Per Sandberg**  
leder

**Irene Johansen**  
ordfører

